




Høyringsutkast revidering konsesjon Åmelavassdraget

I samband med revisjon av konsesjonsvilkåra i Åmelavassdraget vil vi i Naturvernforbundet i Ørsta og Volda kome med krav om minstevassføring i elva.

I revisjonsdokumentet frå utbyggar Tussa vert det lagt vekt på Nordals- og Åheimsvassdraget, og Åmela vert vurdert til liten verdi. Dette er vi i Naturvernforbundet ikkje einige i. Alle vassdrag har verdi, både biologisk og landskapsmessig. På NVE si prioriteringsliste har Åmelavassdraget (rev. ID615) fått prioritet 2.1. Dette meiner vi er for svakt, ikkje minst på bakgrunn av all utbygging av småkraft siste åra i Søre Sunnmøre vassområde. Verdien av å revidere gamle konsesjonar aukar når talet på uregulerte vatn og vassdrag minkar. VP-faktorane (tabell 7.8 i NVE-rap. 72/2013) burde vore høgare, både for fisk, naturmangfald og friluftsliv/landskap.

Åmela-vassdraget er i stor grad tørrlagd på grunn av vasskraftutbygginga i 1977 og laksebestanden har forsvunne. Det er ingen krav til minstevassføring i elva. Før utbygginga vart det fiska ein del laks og aure i elva, men det fins ingen fangststatistikk. Det er også registrert ål i vassdraget, som iflg. Artsdatabanken er sterkt trua. Sjøfisken gjekk fram til Lakshylfossen straks framom brua i Åmelfoten (ca. 350 meter frå sjøen), sjå figur 1 nedanfor. Denne fossen er så høg at verken laks eller aure kan kome forbi. I følgje [lakseregisteret](#) er sjøaurebestanden i Åmela i dag svært dårleg, der vasskraft er ei av hovudårsakene til dette.



Figur 1: Elveklasser, fysiske inngrep og gyteområde i Åmela (Kambestad, upublisert)..

Minstevassføring er eit tiltak som ofte kan bidra til å redusere dei negative konsekvensane av vassdragsutbygging. Vi i Naturvernforbundet ønsker at det skal innførast minstevassføring i Åmela. Minstevassføring bør reknast ut frå [vassdekka areal](#) og må dekkje:

- Vatn nok til oppvandring og standplassar (hølar) i gyteperioden for stor fisk
- Gytetilhøve for stor fisk, og vassgjennomstrøyming nedi elvebotnen for å sikre eggoverleving
- Oppvekstvilkår for ungfisk fram til smolt, i praksis vassdekning og akseptabel vass temperatur
- Akseptabel vasskvalitet for alle stadiar av laks og aure
- Omsyn til fuktkevjangende mosar, lav og dyr attmed vassdraget i prioriterte naturtypar

I tillegg refererer vi til Kambestad (upublisert rapport) som i tillegg til minstevassføring anbefaler utlegging av gytegrus på utløpet av fossekulpen heilt øvst, i kulpen ved den øvste brua og i glattstraumpartiet i midten av elva.



Vi har også kommentarar til magasinrestriksjonar i Storlidvatnet. I dag er høgste regulerte vasstand (HRL) 543,2 moh og lågaste regulerte vasstand (LRL) 520,3 moh. Det er 23 meter i differanse. Vi krev at lågaste regulerte vasstand i Storlidvatnet vert endra. Når vassmagasin vert tappa ned, går produksjonen av næringsdyr og plankton ned. Dette får igjen store konsekvensar for fisken som lever i vatnet.

Det er krav til utsett av aure i Storlidvatnet. Det er Ørsta jeger- og fiskeforening sitt klekkeri i Ørsta som leverer innlandsaure til Tussa kraft. Vi ønsker at det skal brukast stadeigen stamme og vill stamfisk. Anleggsprodusert smolt har lavare sjøoverleving enn naturleg produsert smolt og feilvandrar oftare.

Vennleg helsing

Naturvernforbundet i Ørsta og Volda

Trude Nordal

Referansar:

- Artsdatabanken. Norsk rødliste for arter 2021. [Anguilla anguilla - Rødlista 2021 - Artsdatabanken](#)
- Kambestad, M. (upubl.) Habitatkartlegging og elfiske av Åmela. NORCE – LFI.
- Lakseregisteret:
<https://lakseregisteret.fylkesmannen.no/visElv.aspx?vassdrag=%c3%85mela&id=094.1Z>
- NVE (2013). Vannkraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022. [NVE](#)